

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5. Fylke: Hordaland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austevoll  
 Emne: Vannbæring. Bygdelag: Stolmen  
 Oppskr. av: Johan Tufteland Gard: Gåsnes  
 (adresse): Stolmen. G.nr. 18 Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Vannbæring.

1. Brukte v a s s e l (ein). Det var utholka opning for halsen og innskjering for akslene midt på vasselen. Både jarnlekkje og tau har vore brukt. Vassel med reim over nakken er ukjend her. Det var vanleg å bera vatn i trebøtter til for 40 - 50 år sidan. Sume brukar framleis trebøtter til florsbruk.
2. Har ikkje brukt eit sovore kar.
3. Ikkje brukt.
4. Det har vore og er så ymse; kona lyt nok bera mest vatn, men dei andre i huset hjelper til.
5. Svært mange lyt framleis bera vatn anten med vassel eller stutte stykke utan. Dei største bruka har for det meste innlagd vassledning, men det går ÷ ikkje alltid etter storleiken.
6. Det er svært sjeldan dei køyrer vatn; det ~~hæ~~ hender berre når det er turk og dei må lange vegar etter vatn.



2

5. Har nyleg arbeidd ut ein statistikk over vasstilhøva i heradet etter folketeljinga i haust. Den syner at omlag 1/4 av hushalda har innlagt vatn i kjøkenet og omlag like mange (ikkje nett dei same) i fjøset. Dei andre må bera alt vatnet dei brukar, men vegen er jamnast stutt. Det vanleg e er vel 20 - 50 m.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYØDØY

598



## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austevoll  
 Emne: Vannbæring. Bygdelag: Stolmen  
 Oppskr. av: Johan Tufteland Gard: Gåsnes  
 (adresse): Stolmen. G.nr. 18 Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Vannbæring.

1. Brukte vassel (ein).. Det var utholka opning for halsen og innskjerjing for akslene midt på vasselen. Både jarnlekkje og tau har vore brukt. Vassel med rein over nakken er ukjend her. Det var vanleg å bera vatn i trebøtter til for 40-50 år sidan. Sume brukar framleis trebøtter til florsbruk.
2. Har ikkje brukt eit sovore kar.
3. Ikkje brukt.
4. Det har vore og er så ymse; kona lyt nok bera mest vatn, men dei andre i huset hjelper til.
5. Svært mange lyt framleis bera vatn anten med vassel eller stutte stykke utan. Dei største bruka har for det meste innlagd vassledning, men det går ikkje alltid etter storleiken.
6. Det er svært sjeldan dei køyrer vatn; det hender berre når det er turk og dei må lange vegar etter vatn.
5. Har nyleg arbeidd ut ein statistikk over vass-tilhøva i heradet etter folketeljinga i haust. Den syner at omlag 1/4 av hushalda har innlagt vatn i kjøkenet og omlag like mange (ikkje nett dei same) i fjøset. Dei andre må bera alt vatnet dei brukar, men vegen er jamnast stutt. Det vanlege er vel 20-50 m.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
 BYGDØY

598

Avskrift rettet:  
 L. Aall.



Johan Trøgheland,  
Skolmen.

Lordaland  
Åhuslevoll.

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan  
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over  
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret  
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten  
mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid.  
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over.  
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre  
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har  
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon  
i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka  
fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei.

2134

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING